

## Merknadsskjema – Oppstart av planarbeid

<b>Plannamn</b>	Detaljregulering for Hanevika, gnr. 421, bnr. 2, 11 mfl.
<b>Arealplan-ID</b>	46312021007
<b>Saksnummer</b>	2021 6587
<b>Utarbeida av</b>	Iselin Heggheim
<b>Sist revidert</b>	08.07.2022

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad	Forslagsstillars kommentar
	<u>Private merknader</u>		
1	Grunneigarane av fellesområde Gnr. 421, bnr. 1-11 07.12.2021	Grunneigarane har i eit felles møte utarbeida skisser over ønska utvikling på felleseigedomen 421/1-11. Skissa viser plassering av småbåthamn i nordvest og søraust, naust og hytter.	Småbåtanlegg og naust i nordvest og søraust er lagt inn i planforslaget, i tråd med innspelet. Plasseringa av nausta er derimot flytta lenger bak for å sikre fri ferdsel og tilgangen til sjø, jf. overordna føringar i overordna plan. Når det gjeld etablering av hytter, vil dette vere i strid med overordna plan og det vert difor ikkje teke til følgje. <b>Merknaden vert delvis teke til følgje.</b>
2	Olav K. Sylta Gnr. 421, bnr. 1 og 7 15.12.2021	Påpeikar feil i overskrift til oppstartsvarelet, fellesområdet omfattar bnr. 1-11 m.fl. og ikkje 2-11.  Sylta reknar med at dei som grunneigarar vert teke med i prosjektplanen, jf. innspel som dei har.	Overskrifta det vises til er valt plannamn for reguleringsplanen; Detaljregulering for Hanevika, gnr. 421, bnr. 2, 11 mfl. Grunngeving for val av plannamn er at reguleringsplanen i hovudsak omfattar tiltak på bnr. 2 og 11 (avsett til bustadforemål i kommuneplan). Alver kommune har godkjent dette namnet. Innspel frå grunneigarar vil takast med og vurderast i planprosessen. <b>Merknaden tas til følgje.</b>

3	<p>Stanley Pettersen Gnr. 421, bnr. 55 12.01.2022</p>	<p>Pettersen har saman med grunneigarane av bnr. 57 (Rønnaug Ulvedal) og 78 (Sissel Pettersen) (merknad nr. 3 og 4) utarbeida ein merknad.</p> <p><u>Felles parkeringsplass</u> Grunneigarane av bnr. 55, 57 og 78 er søsken og har i dag felles parkeringsplass på hovudbruket (bnr. 2), nord i planområdet. Kart over parkeringsplass er vedlagt merknaden. Plassen er ikkje nøyaktig oppmålt, men er om lag 200 m<sup>2</sup>. Bnr. 55 og 57 fekk plassen tilvist av sin far i 1086 og 1987. Det vises også til historiske dokument som stadfestar lokalisering av parkeringsplass både frå landbruksnemnda (datert 1986) og Radøy kommune (datert 1987). Bnr. 78 har fått tileigna plass i ettertid av grunneigar av bnr. 2, aust for og i forlenging av parkeringsplassen.</p> <p>Pettersen, Ulvedal og Pettersen ønskjer at deira felles parkeringsplass i sin heilheit vert liggande slik den er tilvist av deira far og godkjent av Radøy kommune. Dersom deler av parkeringsplassen skulle kome i konflikt med ny tilkomstveg eller anna, må tilsvarende areal erstattast langs vegen som skal opparbeidast frå fylkesvegen mot bnr. 78.</p> <p>Bnr. 55 og 57 har opparbeida og utført vedlikehald av plassen, og ønskjer å delta i eventuell ny plassering av parkeringsplass. Ny parkeringsplass må opparbeidast og påkostast prosjektet. Planforslaget må vise eventuell ny felles parkeringsplass for bnr. 55 og 57, pluss parkeringsplass for bnr. 78, og det må vere teikna inn og målsett på kart langs ny veg. Før oppstart og bygging av veg må midlertidige parkeringsplassar tilvisast til bruk i anleggsperioden.</p>	<p><u>Felles parkeringsplass</u> Grunneigarane av bnr. 55, 57 og 78 har alle fått tinglyst kvar sin parkeringsplass på hovudbruket, nord i planområdet. Dette arealet er regulert til felles leikeareal for framtidig bustadbygning i området (LEK1). Grunneigarane av bnr. 55, 57 og 78 får rett på inntil 2 parkeringsplassar kvar på felt P2 som erstatning for dette arealet. Parkeringsarealet må erstattast før LEK1 kan opparbeidast. Erstatning for parkering er sikra i føresegnene (3.3.2.1, 3.14.1.1 og 5.2.3). Merknaden tas til følge.</p>
---	---	--	---

Naust, båtøppteikk og småbåthamn

Å bygge naust på svaberga slik skissa i planinitiativet viser, vil øydelegge svaberga og skade badeplassen. Nausta må trekkast vekk frå svaberga og badeplassen og få ei plassering lenger aust på flata mot bergskråninga (bnr. 9) og sør for naust til bnr. 2. Det vises også til kommunens referat frå oppstartsmøte om at svabergsområdet ikkje skal flatplanerast. Referatet viser også til at nausta vil kunne bli høge (inntil 45 grader takvinkel) og følgeleg dominerande i terrenget. Dette er endå ein grunn til at nausta ikkje kan plasserast på svaberga. Takvinkel bør tilpassast til det nærmaste eksisterande naustet.

Det er viktig å tilrettelegge for allmenta som også skal sikrast tilgang til strandsone og badeplass.

Innteikna båtøppteikk medfører også øydelegging av svaberg og badeplass, og kan heller ikkje plasserast der då det er grunt og sjøbotnen her vert tørrlagt ved større fjære. Båtøppteikk foreslås å plasserast heilt nord ved framtidig djupvasskai og vest for bnr. 18 sitt naust. Her er deler av svaberget allereie skutt ut. Slik dei ser det bør det ikkje etablerast båtøppteikk i det heile, då båtane kan takast opp andre stadar, for eksempel i Bøvågen. Der finnes det i dag eit profesjonelt opplegg tilrettelagt for båtøppteikk, tilgang til straum, vatn og høgtrykkspylar/vaskeplass.

Småbåthamna bør plasserast lenger nord enn skissert. Dette vil ikkje medføre like stor skade då delar av svaberget allereie er skutt vekk her. Ei flytebrygge med plass til 14 båtar lenger nord vil vere meir skånsam mot natur og badeplass. Det må kome tydeleg fram i planen kvar naust, flytebrygge og ev. båtøppteikk er tenkt plassert.

Det foreslås også at nye naust deles inn i mindre bodar som kan seljast/leiest ut til folk som eig eller leiger båtane. Slik vil alle båtøppteikkane få ein eigen stad å leggje frå seg utstyr og liknande, samstundes som ein kan etablere færre naust i sårbar natur.

Badeplass

Badeplassen er teikna i på feil stad i skissa. Vest for holmen der denne er teikna inne er det brådjupt og eignar seg lite som badeplass og leikeplass for dei yngste. Holmen er også hekkeplass for sjøfugl. Badeplassen i dag ligg aust for holmen i Hanevika, der det er langgrunt, og denne er mykje brukt av barn og unge. Her kan barn vasse langt utover før dei treff marbakken. Slike plassar er det få av på Radøy.

Parkeringsplass for båthamn og naust (aust for bnr. 57)

Parkeringsplassane bør etablerast i grusdekke, og ikkje asfalterast. Grus medfører mindre inngrep i naturen.

Naust, båtøppteikk og småbåthamn

Planforslaget legg opp til tre nye område for naust, der dei to nordlegaste (UNB6 og UNB7) er trekt bakover for å ivareta tilgangen framfor desse. Nye naust skal tilpassast eksisterande terreng og naustmiljø. Merknaden tas til følgje.

Badeområde og tilgang til strandsone er sikra gjennom regulering. Det er blant anna ikkje tillat å føre opp gjerde eller andre konstruksjonar som vil vere til hinder for ferdselen i strandsona. Merknaden tas til følgje.

Det er tillat å etablere eit mindre båtøppteikk i naustområdet i sør (UNB8), for enkelt vedlikehald av småbåtar. Merknaden tas delvis til følgje.

Planforslaget legg opp til to småbåtanlegg – eit i nord og eit i sør, med totalt 15 båtøppteikk. Plassering av naust og flytebrygge er skissert i illustrasjonsplanen. Merknaden tas delvis til følgje.

Nausta i UNB7 er plassert slik til at det ikkje vil vere mogleg å bruke desse til lagring av båt, men det er ikkje lagt inn føringar på inndeling av naust i planen. Dette kan tas i forbindelse med byggesaken.

Badeplass

Badeplass er regulert inn der den ligg i dag, og omfattar både land- og sjøarealet. Merknaden tas til orientering.

Parkeringsplass for båthamn og naust (aust for bnr. 57)

Val av dekke på parkeringsplass avklarast i forbindelse med detaljprosjekteringa.

		<p><u>Veg frå bnr. 78 og ned til sjøen (felleseige båthamn/naust)</u> Den planlagde vegen ned til sjøen kan kome i konflikt med septiktanken for bnr. 57. Felleseiget tilviste plassering av septiktank, og den er godkjend av teknisk etat i 1988. Bnr. 57 har velfungerande kloakklysning i dag. Dersom septiktank må flyttast/sanerast som følgje av vegbygging eller anna tiltak, må ny kloakklysning påkostast prosjektet.</p>	<p><u>Veg frå bnr. 78 og ned til sjøen (felleseige båthamn/naust)</u> Merknaden tas til orientering. Avklaringar rundt eksisterande septiktank vil tas ved detaljprosjektering av ny veg.</p>
4	Sissel Kristin Pettersen Gnr. 421, bnr. 78 12.01.2022	Pettersen er med på den felles merknaden for bnr. 55, 57 og 78, sjå over (pkt. 2). Merknaden omfattar same punkt som merknaden, med unntak at punktet «Veg frå bnr. 78 og ned til sjøen (felleseige båthamn/naust)».	Sjå kommentar i pkt. 2 (ovanfor).
5	Rønnaug Ulvedal Gnr. 421, bnr. 55 12.01.2022	Ulvedal er med på den felles merknaden for bnr. 55, 57 og 78, sjå over (pkt. 2). Merknaden omfattar same punkt som merknaden, med unntak at punkta «Parkeringsplass for båthamn og naust (aust for bnr. 57)» og «Veg frå bnr. 78 og ned til sjøen (felleseige båthamn/naust)».	Sjå kommentar i pkt. 2 (ovanfor).
6	Anne-Grete Grindheim Gnr. 421, bnr. 68 16.01.2022	<p><u>Byggestil</u> Området er eit LNF-område med bustadar og hytter i tradisjonell byggestil. Utbygginga bør difor anvende denne byggestilen. Det bør ikkje tillatast takterrassar, som vil opplevast ekstra invaderande for eksisterande naboar på grunn av tillat byggehøgde (8 meter).</p> <p><u>Reinseanlegg</u> Teikningane viser plassering av reinseanlegget i Hanevika. Dette er ein mykje brukt badeplass for barn og vaksne. Plassering av eit reinseanlegg her vil frata allmenta moglegheita til friluftsliv i strandsona.</p> <p><u>Strandsona</u> Det er planlagt bygging av 4-8 naust/båthus langs strandsona. Dette vil privatisere området og frata allmenta eit friluftsområde som er mykje i bruk til bading og båtliv.</p>	<p><u>Byggestil</u> Det er sett krav i føresegnene om at ny bygnad skal gis ei utforming som ivaretek omsyn til natur, omgjevnadar og eksisterande bygnad i området. Maksimal tillat byggehøgde er sett til 7 m. Merknaden tas til følgje.</p> <p><u>Reinseanlegg</u> Slamavskiljar for avløpsvatn plasserast i ny tilkomstveg, Merknaden tas til følgje.</p> <p><u>Strandsona</u> Planen legg opp til ny naustbygnad i tre område, UNB6 (lengst nord), UNB7 og UNB8 (lengst sør). Dei to nordlegast områda regulert til naust er trekt bakover slik at ein ivaretek ferdselen framfor nausta. Dei er også plassert med god avstand frå eksisterande badeplass. Det er vurdert at desse tiltaka vil redusere privatisering og ivareta allmenn tilgjengelegheit av strandsona. Merknaden tas til følgje.</p>
7	Kjell Aase Gnr. 421, bnr. 37 17.01.2022	Aase sin eigedom, bnr. 37, er omfatta av det varsla planområdet. Dette er ikkje avklara mellom Aase og forslagsstillar på førehand, før varsel om oppstart vart sendt ut. Det kjem ikkje tydeleg fram i varselet kva konsekvensar dette har for hans eigedom. Aase ønskjer at dette vert belyst i det vidare planarbeidet.	Aase sin eigedom er eksisterande hyttetomt lengst sør i planområdet. Eigedommen er regulert til fritidsbustad, og eksisterande føremål er dermed vidareført. Det vert ikkje vurdert at planforslaget vil medføre nokon negative konsekvensar for Aase sin eigedom. Merknaden tas til orientering.

Bnr. 37 har rett til å nytte hovudbrukets (421/11) båtfeste, men leiger i dag ein båtplass på fellesområdet 421/1-11. I dag er det dårleg tilkomst og moglegheit for skjerna båtplassar pga. topografi og fordi store delar av planområdet langs sjø er fellesområde 421/1-11. Ved etablering av ny småbåthamn må det tenkast heilskapleg og langsiktig, og difor tilretteleggast for at alle noverande eigedomar og framtidig fråskilde parsellar som er omfatta av planforslaget, får moglegheit til å kjøpe seg inn i båthamna med 1 båtplass og på like vilkår. Båthamna må dimensjonerast for dette i plan.

Bnr. 37 har hovudbrukets vegrett frå hovudveg fram til eigen parsell. Det må innarbeidast i planen at ny køyreveg frå hovudveg til sjø kan nyttast av alle eigedomane som i dag har ein slik vegrett, inkl. bnr. 37 (hans eigedom). Med framtidig vegrett meinast også transport med køyretøy. Alle noverande eigedomar som ønskjer å nytte vegen med køyretøy, må få moglegheit til å betale seg inn på vegen, på like vilkår. Dette må også gjelde framtidig fråskilde parsellar.

I planutkastet har ikkje gbnr. 421/37 køyreveg heilt fram til eigen parsell. Planutkastet må tilrettelegge for at alle eigedomar som har vegrett og er omfatta av planutkastet får tilgang til 2 parkeringsplassar enten på eigen parsell eller på felles parkeringsplass som skissert i plan. Dei fleste hytte-parsellane i området vart utskilt på 60- og 70-talet, med føresetnad om parkering på hovudbruket, men dette vart ikkje tinglyst. Dagens parkeringsløyising innanfor planområdet er ikkje tilfredsstillande og må regulerast som del av det vidare planarbeidet.

Det er ein køyrbar traktorveg ned til parsell på 421/4. Denne er ikkje godkjent som bilveg. Ved å forlengje bilvegen slik det er foreslått i planutkast på 421/11 fram til traktorveg på 421/4 vil ein kunne tilrettelegge for bilveg til sjø på eigedom 421/4 og også fram mot 421/37. Dette vil også kunne bidra til utvikling av dette området for båtplassar, naust etc. Vidare vil ei slik løyising avgrense/fjerne ferdsel på traktorveg opp mot hovudveg. Det anbefalast difor at planområdet utvidast til å også gjelde 421/4. Alle noverande eigedomar som ønskjer å nytte denne vegen til køyretransport må få moglegheit til å betale seg inn på vegen, på like vilkår. Dette må også gjelde framtidig fråskilde parsellar frå 421/4.

421/37 er kopla til kommunal hovudvassleidning og har avtale med hovudbruket (421/11) om at leidning skal gå langs delelinje mellom bnr. 2 og bnr. 11. kravet er at det skal kunne drives jordbruk på grøfta utan fare for leidninga. I planskisse vil foreslått veg inn mot nye parsellar på bnr. 11 krysse vassleidninga. Det vert forventa at det i planen etablerast ei løyising som sikrar at 421/37 fortsatt får tilgang til kommunal hovudleidning, utan meirkostnad. Anten ved at leidning vert liggande slik som i dag eller at utbyggar etablerer ei løyising som er like god som dagens løyising.

I planforslaget er det lagt inn to nye område der det kan etablerast småbåtanlegg, med 14 nye båtplassar og 1 båtplass som erstattar eksisterande båtfeste i området. Dette gir 1 båtplass pr. bueing. Avtalar kring leige og kjøp av båtplassar må avklarast med grunneigar, og ikkje gjennom reguleringsplan.

Planforslaget legg opp til at eksisterande tilkomstveg på hovudbruket forlengast ned mot sjø til felles parkeringsplass for nausta, småbåtanlegga og hyttetomtene i området. Alle planlagde bustadtomter i planen får tilkomst via denne vegen. Merknaden tas til følgje.

Alle hyttetomtene har rett til minimum 2 parkeringsplassar på felles parkeringsplass P2. Dette er sikra i planens føresegner. Bustadtomtene skal ha parkering på eige tomt. Merknaden tas til følgje.

Gnr. 421, bnr. 4 er avsett til LNF i overordna plan og det er ikkje vurdert som aktuelt å regulere denne til noko anna føremål i dette planarbeidet. Merknaden tas ikkje til følgje.

Det skal opparbeidast ny trasé for vassleidning ned langs første del av ny tilkomstveg og vidare sørover lang eigedomsgrensa mellom bnr. 2 og 11. Bnr. 37 vil framleis vere tilkopla den kommunale vassleidningar. Merknaden tas til følgje.

		I avtale mellom 421/37 og hovudbruket (421/11) om vassleidning gis hovudbrukets rett til å gå inn på stikkeleidning vederlagsfritt. Same rett skal gjelde for ev. seinare frådeling. Denne avtalen var skriva i 1986 og det var den gong ikkje vurdert som sannsynleg at det ville kome fleire bustadar på hovudbruket. Dagens vassleidning vil ikkje vere dimensjonert for eit slikt bruk. I plan må de difor leggast til grunn at utskilde parsellar må koplust direkte opp mot hovudvassleidning.	Merknaden tas til følgje. Ved framtidig utbygging vil ny vassleidning som er dimensjonert for utbygginga også etablerast.
8	Bjørg Paulsen Gnr. 421, bnr. 14, 18 18.01.2022	<p><u>Veg</u> Dagens veg får 2,3 meter frå husvegg, og 2 av soveromma vender ut mot veg/nord. Etablering av 8 einebustadar, 4-8 naust samt båthamn vil medføre ei mangedobling av trafikkpasseringar i forhold til dagens situasjon, noko som vil medføre ei vesentleg auke i trafikkstøy. Dette er svært uheldig og lite ønskeleg.</p> <p>Deler av eksisterande veg har over tid blitt liggande på Paulsen sin eigedom. Dette er ikkje ønskeleg i ny plan. Paulsen foreslår å legge ny tilkomstveg sør for eigedommane hennar. Det er ikkje problematisk for dei at dagens tilkomstveg vert stengd, så lenge deira tilkomst til eksisterande biloppstillingsplassar vert ivaretatt. Det går greitt for dei å køyre via bustadfeltet for å kome inn på fylkesvegen.</p> <p><u>Busstopp</u> Eksisterande busstopp er plasser på Paulsen sin eigedom. Dette er ikkje ønskeleg i reguleringsplanen.</p> <p><u>Renovasjon</u> Paulsen ønskjer heller ikkje at renovasjon skal legge beslag på deler av hennar eigedom i den nye planen.</p> <p><u>Oppmåling</u> Paulsen ser det som svært viktig at alle grensene vert oppmålt/klargjort.</p>	<p><u>Veg</u> Gjennom planprosessen har alternative tilkomstvegar vore vurdert, og det vart gjennomført dialogmøte med Paulsen den 28.04.2022 for å diskutere desse alternativa. Ved vidare fagleg vurdering er det kome fram til at den beste løysinga er å halde fram eksisterande tilkomstveg og forlenge denne nedover området. Auke i trafikkstøy som følgje av fleire bilar ned til området kan førekome, men dette vil dreie det seg om få bueingar, og den potensielle auka i trafikkstøy er framleis langt under dei støyverdiane som krev særskild støyreducerande tiltak. Tiltaket omfattar bustadar, som i hovudsak genererer trafikk to-tre gongar for dagen (til og frå jobb, ev. fritidsaktivitetar). Fritidsbustadane, naust og småbåthamn vil generere endå mindre trafikk enn dette. Ny tilkomstveg er dimensjonert slik at Paulsen si avkøyrsløse kan koplust på utan nødvendige inngrep.</p> <p><u>Busstopp</u> Planforslaget held fram dagens løysning med busskur og stopp i vegbana, då dette er vurdert som ei god løysing for dette området. Merknaden tas ikkje til følgje.</p> <p><u>Renovasjon</u> Renovasjonsområde er lagt på andre sida av avkøyrsla, og ligg ikkje lenger på Paulsen sin eigedom. Merknaden tas til følgje.</p> <p><u>Oppmåling</u> Oppmålingsforretning skal gjennomførast. Dette skjer i regi av tiltakshavar, og planen vil oppdaterast når dette er utført slik at dei riktige eigedomsgrensene føreligg før vedtak. Merknaden tas til følgje.</p>
	<u>Høringsinstanser:</u>		
9	Nordhordaland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR) 15.12.2021	<p>I Alver kommune har kvart einskild husstand rett til å kunne setje fram inntil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Ved fellesløysing må det vere behaldarar som gjev same volum pr. husstand. Det må setjast av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) av dunkar. Nedgravne avfallsløysingar bør vurderast.</p> <p>Tilkomstvegar til hentestadar må ha tilstrekkeleg breidde og tole tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbil kjem til. Hentestadane bør også ligge i eit plant område, og renovasjonsbil må kunne gjere operasjonar utan å vere til hinder for</p>	<p>Det er sett av tilstrekkeleg areal til at kvar buening kan setje fram inntil to fraksjonar kvar. Merknaden tas til følgje.</p> <p>Henteområde og oppstillingsplass for renovasjonsbil er lagt inn oppe ved fylkesvegen, slik at renovasjonsbilen slepp å køyre ned i området. Dette er vurdert som mest gunstig i</p>

		<p>anna ferdsl. Renovasjonsbilen må også kunne snu ved hentestaden, alternativt vha. gjennomkøyringsveg. Både tilkomstveg og hentestad bør etablerast med fast toppdekke, og brøytast ved snø og is.</p> <p>Leikeplass og liknande bør ikkje ligge i nærleiken av hentestadane.</p>	<p>forhold til stigning på tilkomstveg og siktforholda ved rygging frå snuhammar og ned mot sjø.</p> <p>Merknaden tas til følgje.</p>
10	Austrheim kommune v/Rolf Henning Myrmel 07.01.2022	Austrheim kommune vert ikkje råka av planen.	Merknaden vert teke til orientering.
11	Vestland fylkeskommune 14.01.2022	<p><u>Areal- og transport</u> Viser til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet sitt mål om at den største delen av vekst skal kome til dei regionale vekstsonene i Alver (omkring regionsenteret Knarvik). VFK er generelt kritisk til utbygging utanfor fortettingsområde. Nyetablering av bustadar bør vere i tråd med overordna føringar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging for kommunen. Ny busetnad medfører auka bilbruk som ikkje bygger opp under målet om null-vekst, og planen bør difor ikkje legge opp til mange nye bueiningar.</p> <p><u>Kulturminne og kulturmiljø</u> VFK minner om at kulturminne- og kulturmiljødokumentasjon bør gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. VFK ber om at kulturminneverdiar vert omtalt, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i vidare planarbeid. Det er to SEFRAK-registrerte naust av lokal verneverdi i planområdet, VFK ber spesielt om at desse vert nærare vurdert i samanheng med det heilskaplege kulturmiljøet i strandsona.</p> <p>VFK har ikkje opplysningar i sine arkiv om automatisk freda kulturminne i planområdet i dag, men peikar på at området har potensiale for denne typen kulturminne. VFK finn det difor nødvendig å gjennomføre ei registrering for å avklare om tiltak i planen vil råke automatisk freda kulturminne. Nærmare opplysningar om registreringa vert ettersendt i eige brev. Planen kan ikkje vedtakast i kommunen før VFK har gjeve endeleg fråsegn til planen etter at registreringa er utført.</p> <p><u>Samferdsel</u> VFK har ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkome langs fylkesveg, samt at areal- og transportpolitiske føringar blir tatt høgde for i planlegginga og at vegstrukturen vert utforma i tråd med vegnormalane. Dei viser til generelle vegfaglege krav til planarbeidet. VFK peikar også på at ny avkøyrsl frå fylkesveg må takast med i planen og utformast etter krava i N100. Eksisterande busshaldeplass må også takast med og regulerast i planen.</p>	<p><u>Areal- og transport</u> Planforslaget legg opp til ei mindre utbygging, som er i tråd med det som er avsett i overordna plan. Planområdet er lokalisert i meir grisgrendt strøk, og det er svært avgrensa kollektivtilbod til området i dag. Trafikk som kjem som følgje av utbygging vil difor i hovudsak vere bilbasert. Sidan planforslaget legg opp til få nye bueiningar, vert det ikkje vurdert at tiltaket vil generere meir trafikk enn det vegen i dag kan tole. Det peikast også på at planområdet er det einast området avsett til bustadar utanfor tettstaden (Bøvågen). Totalt sett vert det difor minimalt med utbygging utanfor tettbygde strøk.</p> <p><u>Kulturminne og kulturmiljø</u> Det finnes to SEFRAK-registrerte bygg i planområdet som er påført juridisk linje som bygg som skal bevarast. Ny naustbyggnad skal tilpassast det eksisterande naustmiljøet. Elles er det ingen kjende kulturminne eller kulturmiljø i området. Merknaden tas til følgje.</p> <p>Tiltakshavar har godkjend registreringa, og dette skal gjennomførast ved første høve. For å halde prosessen rundt reguleringsplanen i gong, er det lagt inn eit avsnitt om at planen skal oppdaterast etter denne registreringa er gjennomført. Planen kan ikkje vedtakast av kommunen før denne registreringa er fullført og ev. tiltak ved funn av kulturminne er vurdert. Merknaden tas til følgje.</p> <p><u>Samferdsel</u> Tiltaket er vurdert som lite, og utløyser ikkje kravet i overordna plan om at vegnettet må utbetrast. Avkøyrsla er utbetra til å tilfredsstille krava i N100. Merknaden tas til følgje.</p>

		<p><u>Oppsummering</u> VFK ber om at planarbeidet legg særleg vekt på omsyn til kulturminne og -miljø, og at planframlegget bygg opp under nullvekstmålet gjennom god tilrettelegging for mjuke trafikantar og kollektivreisande.</p>	<p><u>Oppsummering</u> Ok, sjå over.</p>
12	Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS 17.01.2022	<p>BHF IKS presiserer at det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal til allmenn ferdsel til sjøs, og det bør ikkje settast av større areal i sjø til enkeltinteresser enn det som er nødvendig.</p> <p>BHF IKS ber om å få oversendt teikningar som viser konkret tiltak når desse er ferdig utarbeida. På dette stadiet ser dei ikkje at planarbeidet kjem i konflikt med dei interessene som BHF IKS har ansvar for å ivareta. Minner elles om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påverke sikkerheita eller ferdselen i sjøområdet krev løyve frå BHF IKS. Ei orientering om denne søknadsplikten bør etter deira vurdering takast med i føresegnene. Det er ikkje tilstrekkeleg at tiltaket vert vist i planen.</p>	<p>Områda avsett til småbåtanlegg i sjø vurderast som mindre og positive for områdets tilkomst til sjø. Det vert ikkje vurdert at planlagde tiltak vil føre til hinder for den allmenne ferdselen til sjø. Merknaden tas til følgje.</p> <p>Det er lagt inn ei føresegn om at tiltak i sjø også krev løyve frå ansvarleg hamnemynde. Merknaden tas til følgje.</p>
13	NVE 17.01.2022	<p><u>Planområdet kan vere skredutsett</u> Sjølv om området ikkje er omfatta av aktsemdsområde for skred, er skrentane over arealet som ligg ved sjøen bratte nok til å vere lausneområde for steinsprang. NVE rår difor til å nytte fagkyndige til å vurdere skredfaren dersom planen legg opp til utbygging nedanfor skrentane. Dersom skredfaren er reell må det definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i TEK17. NVE rår til at skredfarevurderinga vert gjennomført i samsvar med <i>Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng</i>.</p> <p>Ev. fareområde må innarbeidast i planen som omsynssone H310 Ras- og skredfare. Til omsynssonene må de knyte føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad.</p> <p><u>Utfylling i strandsona kan utløyse skred</u> Planområdet ligg langs sjøen med ei lang strandsona. NVE viser til rettleiar 1/2019 <i>Sikkerhet mot kvikkleire</i> kap. 2.8 om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Rettleiaren rår difor til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona.</p> <p><u>Generelle råd</u> NVE viser til sine nettsider for arealplanlegging for informasjon og rettleiing. Det visast særleg til Kartbasert rettleiar for reguleringsplan, som leier ein gjennom alle fagområde som NVE dekker, og gir verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeidar planen har ansvar for at desse interessene vert vurdert i planarbeidet.</p> <p><u>NVE si oppfølging av planarbeidet</u></p>	<p><u>Planområdet kan vere skredutsett</u> Det er gjort ei vurdering opp mot steinskred i ROS-analysen. Det vert vurdert som lite sannsynleg at området vert råka av steinsprang. Planlagt bygnad nedanfor skrentane dreier seg om naust, som er byggverk med lite personopphald. Merknaden tas delvis til følgje.</p> <p><u>Utfylling i strandsona kan utløyse skred</u> Planforslaget legg ikkje opp til at det skal gjerast noko utfylling i sjø. Nye naust skal tilpassast terrenget, og småbåtanlegga skal vere flytande konstruksjonar.</p> <p><u>Generelle råd</u> Merknaden tas til orientering.</p> <p><u>NVE si oppfølging av planarbeidet</u> Merknaden tas til orientering.</p>



		<p>Dersom planen rører ved NVE sine saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreingar innan NVE sitt saksområde er vedlagt. NVE ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk.</p> <p>NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reg.planar der det vert bedt om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar.</p>	
14	Statsforvaltaren i Vestland 19.01.2022	<p><u>Landbruk</u> Store delar av planområde er registrert som dyrka mark, og det er også registrert fulldyrka mark innanfor planområdet. SV viser til den nasjonale jordvernstrategien som er innskjerpa fleire gonger sidan dette arealet var regulert til bustad i overordna plan. SV rår sterkt til at ein i planarbeidet ikkje bygger på den mest verdifulle landbruksjorda. Bygging på dyrka mark bør vere så avgrensa som mogleg.</p> <p><u>Strandsone</u> Referat frå oppstartsmøte opplyser at byggegrensa går i formålgrensa for naust. Etter det SV kan sjå går byggegrensa berre i formålgrensa i deler av naustområde, og ser ut til å svinge opp til eigedomsgrrensa mellom gbnr. 421/11 og 4. Deler av naustområde ligg difor i byggeforbodssoa jf. pbl § 1-8. SV rår primært til at ein ikkje planlegg for nye bygg i dette området.</p> <p>Strandsona i området har stor verdi. Området er tilgjengeleg og har store landskapsverdiar og kulturlandskapsverdiar. Friluftssinteressene på sjø er store, og landskap sett frå sjø er difor eit sentralt vurderingstema.</p> <p>SV viser til strandsonevernet og nyleg reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Planområdet ligg innanfor sone 3 i desse retningslinjene, og det er viktig at ein ved planlegging av naust og småbåthamn legg vekt på ei balansert utvikling der det også er plass til folk. Ei auke i tal bustadar vil medføre at tilgjengeleg strandsone vert endå viktigare enn i dag, og det er viktig å ta vare på kvalitetane i området. Landskapsverknadar av tiltaket må vurderast og store terrenginngrep bør unngåast.</p>	<p><u>Landbruk</u> Det er utarbeida ein rapport som viser kor mykje jordbruksareal som går tapt ved utbygging. Dette dreier seg i hovudsak om overflatedyrka jord. Noko av jordbruksarealet er bevart, t.d. den fulldyrka arealet på gnr. 421, bnr. 14, 18 og det overflatedyrka arealet på området regulert til naturleikeplass. For å sikre at matjord ikkje går tapt, er det sett krav i føresegnene om at matjord skal takast vare på og nyttast lokalt til forbetring av jordbruksareal.</p> <p><u>Strandsone</u> Det er lagt inn eit område for tre nye naust og eit mindre småbåtanlegg i sør, som vert utanfor denne byggegrensa. Planen er likevel i tråd med overordna arealføremål, og dei nye nausta vert lagt ved sida av to eksisterande. Heile sjøområdet innanfor planområdet er avsett til småbåtanlegg i overordna plan. Det er lagt opp til 15 båtplassar, der 1 er erstatning for eksisterande båtfeste. Ut frå planlagt utbygging kan det reknast 1 båtplass pr. bucing. For å redusere verknaden av dei nye småbåtanlegga er det fordelt på to flytebrygger, eit i nord og eit i sør.</p> <p>Strandsona og friluftssinteressene er vurdert i planomtalen. Badeområdet er regulert inn i planen og skal bevarast som det er. Dei to flytebryggene legg betre til rette for rekreasjon og fritidsaktivitetar i sjø. Det er vurdert at planen vil ha ein positiv verknad for friluftssinteressene knytt til sjø i området. Nye naust skal utformast i tråd med utformingskrava i overordna plan, og tilpassast eksisterande naustbyggnad i byggemateriale og fargeval. Nausta i UNB6 og UNB7 vert plassert lenger bak for å halde sjølinja tilgjengeleg. Merknaden tas til følgje.</p>

		<p><u>Bustad-, areal og transport</u> Bøvågen (2 km sør for planområdet) er definert som nærcenter i intensjonsavtalen til Alver, med m.a. barneskule, barnehage, matbutikk og kyrkje. Eksisterande veg mellom planområdet og Bøvågen er smal og utan tilbod for gåande, og SV vurderer i utg.pkt. utbygginga som bilbasert. Det at utbygginga vert bilbasert, kombinert med konflikt med eit forsterka jordvern og viktige strandsoneverdiar, gjer at det etter SV si vurdering bør vere ei avgrensa/mindre omfattande utbygging i dette området.</p> <p><u>ROS-analyse</u> Generelt om ROS-analysen og akseptkriteria for risiko for flaum og skred. SV viser til at planområdet ligg i område med moglegheit for marin leire. Det må vurderast tilstrekkeleg i ROS-analysen.</p> <p><u>Anna</u> Andre viktige tema er omsyn til barn og unge, folkehelse, støy frå veg og vurdering av naturmangfald.</p> <p>SV minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegginga.</p> <p><u>Konklusjon</u> SV vurderer i utg.pkt. at ei omfattande utbygging i planområdet kan vere i strid med innskjerpa jordvern, innskjerpa strandsonevern og gjeldande statlege retningslinjer for bustad-, areal- og transportplanlegging. SV rår til at utbygginga ikkje vert for omfattande.</p> <p>For å sikre ei god framdrift i planprosessane stiller SV seg disponibel i å delta på møte saman med kommunen dersom det er ønskeleg for å avklare vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.</p>	<p><u>Bustad-, areal og transport</u> Planforslaget legg til rette for at det kan etablerast 13 nye bueingar. Dette tiltaket er ikkje stort nok til at det utløyser krav om utbetring av fylkesvegen etter føresegnene i overordna plan. Sidan planforslaget legg opp til få nye bueingar, vert det ikkje vurdert at tiltaket vil generere meir trafikk enn det veggen i dag kan tole. Det peikast også på at planområdet er det einast området avsett til bustadar utanfor tettstaden (Bøvågen). Totalt sett vert det difor minimalt med utbygging utanfor tettbygde strøk. Merknaden tas til følgje.</p> <p><u>ROS-analyse</u> Risiko for flaum og skred, herunder kvikkleireskred er vurdert i ROS-analysen. Merknaden vert teke til følgje.</p> <p><u>Anna</u> Merknaden tas til orientering. Nemnde tema er vurdert i planomtalen.</p> <p><u>Konklusjon</u> Merknaden tas til orientering. Planforslaget er i tråd med overordna plan og vurderast å ikkje legge opp til noko omfattande utbygging</p>
15	Statens vegvesen 19.01.2022	<p>SVV uttalar seg som statleg fagmyndigheit med sekstransvar innanfor vegtransport.</p> <p>Barn beveger seg i nærområdet, også utanom skuletid. Trygg skuleveg og forhold for mjuke trafikantar må omtalast særskild i dette planarbeidet. SVV legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkome på fylkesveg skjer i samråd med Vestland fylkeskommune.</p> <p>Planlegging av ny avkjørsle/kryss og kollektivhaldeplassar må skje i samsvar med handbok N100. Ved fråvik frå vegnormalane legg SVV til grunn at dette kjem tydeleg fram av planomtalen, og at fråvikssøknader er avklart med VFK før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.</p>	<p>Planforslaget legg opp til 13 nye bueingar og utløyser ikkje kravet i kommuneplanens arealdel om utbetring av skuleveg. Merknaden tas til orientering.</p> <p>Dagens løysing med kantstopp og busstur ved avkjøring haldast fram i planforslaget. Dette er i tråd med N100 for kollektivstopp på vegar med ÅDT &lt; 1500 og fartsgrense 50 km/t. Det er lagt fram ei vurdering opp mot trafikksikkerheit i planomtalen.</p>

		<p>SVV legg til grunn at planen vil ha rekkefølgeføresegner som sikrar at tiltak knytt til trafikkssikkerheit, framkome m.m. vert gjennomført i forbindelse med det utbygginga som blir regulert.</p> <p>SVV legg til grunn at verknadane planen vil ha for vegtransport og vegnett utgreiast og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-analysen og ev. konsekvensutgreiing. Viser til generelle tema som dette gjeld.</p> <p>Ev. konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikkssikkerheit og framkome må også greiast ut. Det vises til handbok V744 for informasjon om utgreiingskrava.</p>	<p>Planforslaget utløyser ikkje krav om utbetring av fylkesveg. Det er lagt inn rekkefølgekrav om at tilkomstveg og felles parkeringsplass må vere ferdig opparbeida før delar av området kan byggast ut. Det er ikkje vurdert at det krevst særskilde rekkefølgeføresenger utover dette for å ivareta trafikkssikkerheit og framkome ved gjennomføring av tiltaket, då det dreier seg om private tilkomstvegar til eit ubygd område. Leikeareal skal sikrast gjennom fysisk skilje ved opparbeiding.</p> <p>Det er lagt rekkefølgekrav om at det skal utarbeidast ein massehandteringsplan som bl.a. skal gjere greie for handtering av overskotsmasser og transport i forbindelse med anleggsfasen.</p> <p>Planforslaget legg opp til totalt 13 nye bueingar, og det er ikkje vurdert at denne utbygginga vil medføre vesentlege konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet. Utbygginga er ikkje vurdert til å medføre trafikkauke til området som krev tiltak på fylkesvegen.</p>
16	Fiskarlaget Vest 20.01.2022	<p><u>Generelle merknadar</u> Det er viktig at tilhøva vert lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.</p> <p><u>Hanevika</u> Fiskarlaget Vest viser til registrert kaste-/låssettingsplass nordvest om reguleringsområdet. Det vert også fiska i området som ikkje er registrert, t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.</p> <p>Småbåthamna vil vere forholdsvis stor, men det er likevel positivt at ein samlar båtplassar i større anlegg utanfor viktig fiskeområde. Det vert forutsett at fortøyningar blir avgrensa mest mogleg. Plangrensa i sjø bør avgrensast der det ikkje er tenkt tiltak i sjø.</p> <p>Ved vurdering av småbåthamner/-anlegg må ein ha med seg den potensielle forureininga ei slik hamn/anlegg fører med seg. Fiskarlaget Vest viser til to viktige publiseringar kring temaet.</p> <p>Fiskarlaget Vest føreset at tiltak og ferdslar på sjøen ikkje kjem til hinder for fortsatt bruk av fiskeområde i nærleiken. I tilknytning til fiskeriområde må det opplysast om yrkesfiskarane sin hevdvunne rett til bruk av sjøareala. Fisket er lovleg, berekraftig og grundig regulert av offentlege mynde. Ein kan ikkje godta hets av yrkesfiskarar, slik mange opplev langs kysten. Fiskerinæringa er avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø som er mest mogleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Det er viktig å førebygge ulemper, då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid. Ein er også avhengig av å ha eigna areal å fiske på.</p>	<p><u>Generelle merknadar</u> Merknaden vert teke til orientering.</p> <p><u>Hanevika</u> Planforslaget kjem ikkje i konflikt med kaste-/låssettingsplass i nordvest. Det er ikkje vurdert at planforslaget vil kome i konflikt med desse fiskeinteressene. Merknaden tas til orientering.</p> <p>Område regulert til småbåtanlegg i sjø er avgrensa så mykje som mogleg. Merknaden tas til følgje.</p> <p>Merknaden tas til orientering.</p> <p>Merknaden tas til orientering.</p>

